

Reguleringsplan for fv. 651 parkering Stavsro

Reguleringsføresegner

Detaljregulering

PlanID 0827_20160002
Datert 01.11.2016
Revidert 22.02.2017
Vedtatt 05.04.2017

1 FØREMÅL

Føremålet med reguleringsplanen er å:

- Auke parkeringsdekninga ved Stavsro

2 FRAMTIDIG AREALBRUK

2.1 Plan- og bygningslova § 12-5 Arealføremål

1. Bygg og anlegg

- Næringsbygg BN

2. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

- Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur o_S
- Køyreveg – offentlig o_SKV
- Gangveg – offentlig o_SF
- Annan veggrunn – grøntareal
- Annan veggrunn – teknisk anlegg o_SVT
- Haldeplass o_SH
- Parkering o_SPP

5. Landbruks-, natur og friluftsområder

- Landbruksføremål LL

2.2 Plan- og bygningslova §12-7 Føresegner i reguleringsplan

Føresegner for område

- Anleggs- og riggområde

3 FELLESFØRESEGNEN § 12-7

3.1 Rekkefølgetiltak

Førebels anleggsbelte / riggområder og areal sett av til annan veggrunn skal vere ferdig sett i stand året etter at veganlegget er teke i bruk.

3.2 Automatisk freda kulturminner

Dersom ein under arbeidet møter noko som kan vere eit automatisk freda kulturminne, skal ein kontakte Telemark fylkeskommune og arbeid som kan påverke kulturminnet skal stansast. Kulturminnestyremaktene avgjer snarast mogeleg - og seinast innan 3 veker - om arbeidet kan halde fram og vilkåra for dette. Fristen kan forlengjast når det er særleg grunn til dette (jf. kulturminnelova § 8 andre ledd).

3.3 Frisikt

Det skal være fri sikt i 0,5 m høgde over plan på tilstøytande veg innanfor dei frisiktlinene som er gjevne.

4 AREALFORMÅL

4.1 Bygg og anlegg

Næringsbygg

Det er tillate å utvide eksisterande bygg. Det er og tillate med overnatting og servering. Eventuelle nye bygg skal harmonere med terreng og landskap. Maksimal tillatne utnytting er byggeareal (BYA) = 50%. Parkering reknast ikkje med i BYA. Største mønehøgde som er lov innanfor området BN1 er cote + 1180,0.

4.2 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

Område o_S 1 skal nyttast til naudsynte bygg og anlegg for toalett og andre servicefunksjonar. Den maksimale graden av utnytting som er tillate er byggeareal (BYA) = 50%. Bygg med saltak kan ha gesimshøgde inntil 4,0 m og mønehøgde inntil 6,0 m i høve til gjennomsnittleg planert terreng. Bygg med pulttak kan ha øvre gesimshøgde inntil 5,0 m i høve til gjennomsnittleg planert terreng.

Parkering

Det skal etablerast 2 HC-parkeringsplassar på område o_SPP 1.

Avkøyring

Via o_SPP 1 er det tillate med avkøyring til båthus/privat eigedom. Avkøyringa skal stengast med kjetting el liknande.

Annan veggrunn – grøntareal

Annan veggrunn – grøntareal omfattar vegareal og skjerings- og fyllingsskråningar, grøfter og siktsoner. Det kan settast opp bord og benkar innanfor området. Det same gjeld eventuelle støttemurar, kummar og stikkrenner i samband med veg. Jordskjeringar og fyllingsskråningar skal tilførast lokal vekstjord og revegeterast med stadeigen vegetasjon.

Annen veggrunn – teknisk anlegg

Ein skal etablere fri sikt innanfor o_SPP1. Det er tillate å etablere lys, koplingsskap og skilter mv som ikkje kjem i konflikt med fri sikt.

4.3 Landbruks-, natur og friluftsområder

Landbruksformål

Innanfor formålet kan det gjerast enkle tiltak for å opprette ein sti mellom o_SPP5 og o_SPP3.

5 OMRÅDEFØRESEGNER

5.1 Anleggs- og riggområde

Førebels anleggsbelte

Anleggsbeltet kan nyttast til tiltak som er naudsynte for å få gjennomført dei planlagde arbeida med nye parkeringsplassar, haldeplassar og siktutbetringar langs fylkesvegen. Bruken er avgrensa i tid fram til anlegget er ferdig.

Når anlegget er gjennomført fell førebels anleggsbelte bort og underliggande føremål med tilhøyrande føresegner vert gjeldande.

Områda skal settast i stand i samsvar med føremålet og opphavlege tilstand. Innanfor anleggsbeltet kan det ikkje gjerast varige endringar i terrenget. Kommunen fattar vedtak om når førebels anleggsbelte skal opphevast.